

Til

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo
nve@nve.no

Saudasjøen, 25.06.2017

Innspel til høyring: Søknad om løyve til Risvollelva kraftverk

Viser til høyring konsesjonssak for Risvollelva kraftverk med høyringsfrist 27.06.2017. Eg er grunneigar på gnr./bnr. 23/1, og vil med dette levera mitt innspel til høyringa. Som grunneigar og fallrettseigar er eg part i saka. Innspele mine er knytt til mi rolle i saka, og korleis ei eventuell utbygging vil påverka meg og mitt gardsbruk. I saka om ei eventuell kraftutbygging har eg, kona og ungane hatt eit nært samarbeid, og me skriv difor alle under på denne høyringsuttalen.

Traséalternativ

I konsesjonssøknaden blir det presentert 3 utbyggingsalternativ (jfr. figur 3-8, side 32), og ein kan lesa følgjande:

Det er vurdert tre alternative utbyggingsløsninger i dette prosjektet. Inntaket er i alle alternativene plassert ved Risvollia, ved kote 288. To av traseene går på østsiden av Risvollelva (Fosstveitsiden) og en trase går på vestsiden av elva (Risvollside). Ecofact har utredet alle tre alternativene, men har ikke gjort funn som er avgjørende for trasevalg. De to alternativene på Fosstveitsiden har omtrent samme kostnadsnivå, mens alternativet på Risvollside er noe dyrere. Av hensyn til grunneiere utgår alternativ 3, og man står dermed igjen med to reelle alternativ: Risvollside (alternativ 1) og Fosstveitsiden (alternativ 2). Dette ligger også til grunn i fallrettsavtalen mellom utbygger og grunneierne.

Eg vil nytta høvet til å presisera at alternativ 3 er heilt uaktuelt. Det var òg eit vilkår då eg skreiv under fallrettsavtalen at dette alternativet skulle strykast.

Då står ein att med alternativ 1 og 2. I konsesjonssøknaden vart alternativ 2 presentert som hovudalternativ. Som følgje ser ein at alternativ 1 ikkje får tilsvarande presentasjon i konsesjonssøknaden som alternativ 2. Dette gjeld mellom anna i kapittel 3 *Virkning for miljø, naturressurser og samfunn*, der ein i nokre av punkta berre har fokusert på konsekvensane for hovudalternativet. Det gjeld t.d. punkt 3.12 *Jord- og skogressurser* og punkt 3.14 *Brukerinteresser*, og i den samla vurderinga under punkt 3.19. I ei konsekvensutgreiing bør ein presentera dei ulike alternativa (i dette tilfellet trasé 1 og 2) mest mogleg likt, slik at andre partar kan ta stilling til det beste alternativet.

Mi vurdering er at det økonomisk sett kan vera mest gunstig med utbyggingsalternativ 2, medan det for andre forhold (brukarinteresser/friluftsliv, jord- og skogressursar, naturmangfald) er mest gunstig med alternativ 1. Eg vonar NVE vil vurdere nøye både alternativ 1 og alternativ 2 for mogleg konsesjon til utbygging.

Støy

Tiltaket, og då særskild kraftstasjonen, vert liggjande ved elveutløpet ved Fosstveitdammen, og nær både bustadhus og populære turområde. Det er difor svært viktig at ein prioriterer høgt å få redusert støynivået så mykje som mogleg. I konsesjonssøknaden (s. 34) kan ein lesa følgjande om støydempende tiltak: «Det legges vekt på støydemping i utførelse, spesielt med tanke på plassering og utforming av utløp i forhold til bebyggelse.» Dette opplever eg som svært generelt og lite konkret. Eg meiner det må setjast strengare krav til støytiltak.

Eg meiner ein bør følgja *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)*. Ein bør setja som krav at ingen bustadhus skal liggja innanføre gul eller raud støysone, målt frå kraftstasjonen i drift.

Vasskraftanlegg kan jamførast med vindkraftanlegg. I følgje retningslinja betyr dette at utandørs støynivå, målt ved bustadhus i området, ikkje skal overstiga L_{den} 45 dB.

L_{den} . A-veiet ekrivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB ekstra tillegg på natt / kveld. Tidspunktene for de ulike periodene er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærmere definert i EUs rammedirektiv for støy, og periodeinndelingene er i tråd med anbefalingene her. L_{den} -nivået skal i kartlegging etter direktivet beregnes som årsmiddelverdi, det vil si som gjennomsnittlig støybelastning over et år. For grenseverdier gitt i retningslinje eller forskrift kan ulike midlingstider gjelde.

For utbyggingsfasen ber eg om at det vert sett krav til arbeidstid. Dvs eg ønskjer ikkje at det vert utført arbeid på kveldstid og helgedagar. Dersom det likevel er naudsynt kan ein opna for at dette kan gjerast etter avtale med berørt grunneigar.

Vegbygging

Ei utbygging vil føra til ein del vegbygging, særskild om utbyggingsalternativ 2 (for alternativ 1 kan ein i stor grad nytta seg av eksisterande skogsbilvegar). Eg har nokre merknader angående vegbygginga for alternativ 2.

I konsesjonssøknaden (s. 14) kan ein lesa: «Fra Fosstveitvegen og inn til planlagt kraftverksplassering må en 800 meter lang skogsvei rustes opp. Traseen vil følge eksisterende veitrase, men må utvides enkelte steder.» Mellom eksisterande veg og Fosstveitdammen er det dyrka mark (innmark). Eg ønskjer ikkje å få redusert arealet av innmark, og ei utviding av vegen må difor skje på oversida av vegen, dvs grava seg inn i terrenget. Det vil òg gi den estetisk beste løysinga, då ein slik (i stor grad) kan unngå fyllingar.

Langs røyrtrase må det leggjast anleggsveg. Utbygger skriv i konsesjonssøknaden at denne skal vera «midlertidig», og «revegeteres på samme måte som selve røyrtraseen etter endt anleggsvirksomhet. Veien vil ligge innenfor ryddebeltet til røyrtraseen». Eg har i dag ein traktorveg som delvis følgjer planlagt røyrtrasé (traséalternativ 2). Delar av anleggsvegen bør difor ikkje vera mellombels, men i staden opparbeidast som veg med skogsvegstandard.

Motorisert ferdsel

Nedre del av utbyggingsområdet (alternativ 2), ved Sumarshaugen og Fosstveitdammen, vert i dag nytta til slått og beite. Det er difor ikkje ønskeleg med motorisert ferdsel, meir enn kva som er absolutt naudsynt. I anleggsfasen og driftsfasen vil det vera eit viktig tiltak å avgrensa trafikken, med ein bom, slik at området ikkje vert nytta til motorisert ferdsel av andre enn utbyggaren og grunneigaren.

Kraftstasjon

Når det gjeld kraftstasjonen fokuserer konsesjonssøknaden (s. 13 og 14) på traséalternativ 2:

Det planlegges et enkelt betongbygg med rom for transformator/koblingsanlegg, kontrollrom og maskinsal. Bygning legges inn til skrånning/bergvegg. Løsmasse graves vekk fra området for å få forankret kraftverksbygningen i fjell. Trolig blir dette 2-3 meter lavere enn dagens terreng på stedet. Kraftverk over to etasjer kan derfor være aktuelt. Terreng rundt fylles i, slik inngang til kraftverk og parkeringsplass / snuplass kommer ved dagens nivå. Bygningen til kraftverket vil få et grunnflateareal på ca 130 m².

Eg har følgjande kommentarar til dette:

- Kraftstasjonen er planlagt i det som i dag er eit planta granfelt. Felling, kvisting og frakt av tømmer skal gjerast etter avtale med grunneigaren.
- Gjennom plantefeltet ligg eit registrert kulturminne, ei murt kvernrenne. Utforming av bygning, snuplass og veg, må gjerast slik at dette kulturminnet ikkje vert berørt. I utbyggingsfasen bør ein vera særskild merksam på dette.
- Kraftstasjonen vert liggjande parallelt med merka turstig. Det er viktig at kraftstasjonen har ei form, materialbruk og plassering som gjer at bygningen ligg godt i terrenget. Eg ber om at eg får tilsendt skisser og teikningar for kraftstasjon og utbyggingsområde (evt inviterast til planleggingsmøter), slik at resultatet kan bli best mogleg, både med tanke på økonomi, landskap/terreng og estetikk.

Kulturminne og naturmangfald


I konsesjonssøknaden er det nemnd registrerte kulturminne (Fosstveitdammen og kvernrenna). Det bør setjast krav til at ingen kulturminne skal gå tapt som følge av utbygginga.

Når det gjeld naturmangfald vil eg gjerne leggja til følgjande til Ecofact sin rapport:

- Hekkande fossefall er observert både ved fossen og i elveløpet.
- I Fosstveitdammen er det observert rumpetroll, særskild i vika der det er lite straum. Mogleg noe redusert aktivitet siste år.
- I utbyggingsområdet er det fleire eldre eiketre, lind og ask. Mellom anna registrerte eg i nedre område for røytrase på ein liten halvtime 5 stykk asketre som har ein omkrins mellom 150 - 175 cm (sjå vedlagte foto). Før ein går i gang med detaljplanlegging bør ein kanskje registrera og måla inn slike eldre verneverdige tre, slik at ein i utbygginga unngår konflikt med verneomsyn.
- I området står det nå med nokre få meter i mellom to flotte, gamle tre. Ei lind og ei eik, sjå vedlagde foto. Omkrets i brysthøgde er for lindetreet 195 cm, og for eika 247cm. Desse trea bør ein ikkje felle.

Friluftsliv

I dag går to merka turstigar gjennom områda som blir berørt av alternativ 2: Turløypa Hovlandsnuten Opp og Turistforeningen si merka løype opp til Storavassbu. Turområdet blir brukt heile året, og særskild av barnefamiljar.



Figur 1 - Turløyper i Fosstveitlia

I konsesjonssøknaden side 31 er det omtale av brukarinteresser, og konsekvensen av tiltaket vert sett til liten negativ. Kanskje vil dette kunne vera konsekvensen i driftsfasen, sjølv om ein tur i Fosstveitlia vil verte endra når området har vore gjennom nedgraving av røyr og det skal vere ein trase på opptil 10 meter utan trer. I utbyggingsfasen vil konsekvensen av tiltaket utvilsom vera svært negativ. Samla burde konsekvensen slik sett vore sett til middels negativ for å gi eit meir balansert bilete av situasjonen. Eg etterlyser elles konsekvensvurdering for traséalternativ 1.

Beite og utmark

Delar av traséalternativ 2 går gjennom utmark- og innmarksbeite. Utbyggingsplan må leggast opp slik at ein kan oppretthalda beite òg i utbyggingsfasen. Dette må vera utbyggjar sitt ansvar (setja opp gjerde og grindar), men etter avtale med grunneigaren. Også i driftsfasen må det vere kraftselskapet sitt ansvar å halde gjerde og grindar mellom beite og veg.

Fosstveitdammen

I konsesjonssøknaden er Fosstveitdammen ikkje nemnd, anna enn som eit av fleire kulturminne. Det går altså ikkje fram av søknaden korleis utbyggjar stiller seg til om t.d. Fosstveitdammen vert tappa ned og elveløpet lagt om. Eg var i 2016 i møte med kommunen der det kom fram at det vert vurdert å fjerne dammen. Samstundes vart det peika på at fjerning av dammen er ei omfattande sak som difor kanskje ikkje vert noko av. Sidan framtida til dammen er uvis, er det svært viktig at ved ei eventuell kraftutbygging må det vere ein plan for kva konsekvensar fjerning av dammen vil få. Tenkjer her særskild på tilhøva med avløp frå kraftstasjon til dam/elv.

Lagerplass, riggområde, massetak

Prosjektskissa (konsesjonssøknaden, vedlegg 3) viser planlagt utbygging for traséalternativ 2. Det manglar ein del informasjon i skissa, om ein jamfører med NVE sitt detaljkarteksempel

(<https://www.nve.no/media/2119/detaljkart-eksempel.pdf>) . Eg saknar mellom anna innteikna område for lagerplass, riggområde og massetak. Nå kan det hende at dette kjem i ein seinare fase, men eg vil her koma med merknader til dette. Det bør setjast krav til at lagerplass, riggområde og massetak ikkje skjer på innmark. Vidare bør det setjast som krav at plassering av slike område (i utmark) skal vera etter avtale med berørt grunneigar.

Oppsummering

Eg vonar NVE vil gjera ei grundig vurdering av prosjektet, både med tanke på *om* det skal givast konsesjon, og til *kva alternativ* (1 eller 2). Det viktige må vera at fordelane er større enn ulempene, om det skal givast konsesjon. Fordelane for samfunnet, og for grunneigarane bør vektast høgare enn dei økonomiske fordelane for utbyggjar. For storsamfunnet kan fordelane vera meir grøn kraft, for lokalsamfunnet og for grunneigar kan fordelane vera økonomiske inntekter. Det er likevel dei lokale brukarane og interessene som til sjuande og sist må betala med ulempene ved ei utbygging (støy, inngrep i tur- og naturområde, konflikt med jord- og skogdrift). Det er difor viktig at fordelane ved ei utbygging vert større enn ulempene for dei *lokale* brukarane, grunneigarane og lokalsamfunnet. Dette har NVE høve til å styre gjennom vilkår i konsesjonsvedtaket, og eg oppmodar NVE til å gjera nettopp dette. Viser elles til eige notat (vedlegg).

Med helsing



Arild Fosstveit
grunneigar, gur. 23 bnr. 1



Tora Hellerdal Fosstveit



Kirsten Hellerdal Fosstveit



Elisabeth Hellerdal Fosstveit



Eirik Hellerdal Fosstveit

Vedlegg:

1. Notat, Arild Fosstveit
2. Foto

Vedlegg 1 - Notat

Eg, Arild Fosstveit, har generelt vore lunken til ei utbygging av Risvollelva i regi av kraftselskap. Mange studiar frå utbygging av diverse elvekraftverk i regi av kraftselskap ulike stader, er nedslåande lesing med omsyn til utkome for grunneigarar. Det ligg i sakens natur at eit kraftselskap med sin organisasjon og ekspertise mot meir uvitande grunneigarar har sterke kort på handa med å kunne maksimere sin fortjeneste.

Eg er av den meining at grunneigarar heller bør gå saman om å byggje slike kraftverk i eigen regi. På sikt vil utbygging med slik organisering kunne gi mykje betre innkome for grunneigarane og med eit kraftverk av storleik som Risvollelva kan ein truleg for Sauda kommune rekne om dette til 3-4-5 varige arbeidsplassar.

Trussel om jordskifterett fekk meg omsider på banen i 2014 og etter synfaring med aktuelle utbyggarselskap i april 2014, så var eg med på å gå inn for samarbeid med Haugaland Kraft (HK). HK rekna eg trass alt som den mest seriøse av kandidatane og m.a. med si etiske rame. Talsperson frå HK kunne under synfaringa våren 2014 forsikre oss om at eventuell leveringskapasitet til nettet ikkje ville bli blanda inn i prosjektet. Ei tid etter signering av fallrettsavtale kom det fram opplysningar om utilstrekkeleg nettkapasitet for Risvollelva Kraftverk og at anlegget ville bli mykje dyrare å gjennomføre av den grunn (var selskapsleiinga uvitande om dette på det tidspunktet, eller kan det ha vore strategi å halde tilbake informasjon om det økonomiske grunnlaget i prosjektet?)

Hovudinstrykket mitt med utbyggarselskapet HK er fråhaldande informasjon og at det har vore langt unna å skape tillit gjennom kommunikasjon. For oss tilhøyrande gnr 23/1 (som får det meste av utbygginga ned vår li for Fosstveitalternativet) har prosessen medført unødig stress i dei vel tre åra som har gått sidan synfaringa.

Kommunikasjonen med selskapet har vore så mangelfull og med avvisning til dialog for synspunkt tidleg i prosessen at me veit altfor lite om kva me går til og kva for konsekvensar utbygginga kan gi. Eg vonar SKL vil vere meir open for dialog enn det HK var, men SKL har heller ikkje teke initiativ overfor oss som samarbeidspartnar. For å uttrykke dette på ein meir folkeleg måte, "ingen tårer felt" om utbyggarselskapet trekkjer seg frå prosjektet.

Eg håpar med denne uttalen at selskapet har syn for at mest mogeleg av verdiskapinga for Risvollelva bør bli att i lokalsamfunnet. Dersom selskapet vedtek å trekkje seg frå Risvollelvaprojektet, så trur eg grunneigarane, organisert i eit grunneigarlag, med tida kan greie å gjennomføre ei utbygging i eigen regi.

Arild Fosstveit

P: Fosstveitvegen 46, 4208 Sandasjøen

E: arild.fosstveit@gmail.com

T: +47 47634571

W: <https://arildfosstveit.wordpress.com>

Vedlegg 2 - Foto



Figur 2 - Lind omkrins 195 cm. Eik omkrins 247 cm. Stad: Trøa



Figur 3 - I området er det 6 ask mellom 150 - 175 cm i omkrets. Kløppabekken, bregneområdet.